

Emne nr. 40

YMSE BRUK AV KVAE

I

Det var kvae av gran ein helst kunne gjera seg nytte av. Grankvaen kan berre laga seg i barken, helst innmed sår, men av og til kan sjuke tre setja ut kvae endå borken er heil. Oftast er grankvaen ei blanding av fleire emne. Som ny er han seig og klebrig, og vil ein freista å tyggja han, heng han fast i tennene. De er dette som vanlegvis vert kalla rennekvae eller harpeis. Under serskilte vilkår vantar kvaen nokre av desse emna, så kan han vera plastisk og ikkje klebrig og heng ikkje fast i tennene. Det er dette som er go'kvae. Go'kvaen er helst å sjå som avlange eller kulerunde dråpar. Som heilt unge kan dei vere klebrige, dei med. Når dei ikkje er for gamle, er dei klåre og vakkert gule av lét.

Ein sjeldan gong kan ein inne i veden finna små rom fylt av flytande kvae; det er løyndekvae.

1. Kva kalla ei kvaen i Dykkar bygd (kvae, kvåe, koe, kåe)? Kva kjønn har ordet?
2. Kva namn har ein på dei ymse slag kvae?

II

Kvaetygginga var heller vanleg i gamal tid. Mange hadde kvaetugga i munnen frå morgon til kveld. Når dei skulle eta, sette dei henne frå seg, t.d. på ein vesteknapp. Sume kunne få det til å smella i kvaen under tygginga. Kvaetugga kunne gå frå munn til munn, helst mellom gut og jente. Det var mange stølsgjenter som sanko go'kvae så dei hadde noko å kosa seg med når dei fekk vitjing av kjærasten til helga.

Men det var også dei som meinte at kvaetygging ikkje var helsesam. Ein kunne få tæring av det.

3. Er tygging av go'kvae kjent i Dykkar bygd? Kva namn hadde ein på det? Kva kalla ein dei fine runde tappane av go'kvae (ekorntappar, gullknappar)?
4. Hadde ein noko merke på at eit tre kunne gjeva go'kvae? Har De høyrte forteljing om særskilt gilde "kvaegraner"?
5. Kunne ein gjera noko for at eit vanleg grantre skulle gjeva go'kvae?
6. Kunne ein stella rennekvae til slik at han kunne tyggjast? Korleis gjorde ein det? Kva namn hadde ein på det?

7. Kjenner De til kjøp og sal av kvaе?
8. Kva mener folk kan vera grunn til at det så sjeldan å finna go'kvaе i vår tid?

III Kvaеplaster

9. I gamal tid kunne folk laga kvaеplaster som ein la på sår som ikkje ville gro. Ein brødde kvaе saman med feit og sukker og smurte det på ei fille og la på såret. Er det kjent i Dykkar bygd? Kjenner De noko anna vis å laga kvaеplaster på?
10. Veit De om ein skulle ha tre slag kvaе til kvaеplaster, (rennekvaе, go'kvaе og løynde kvaе)?

IV Bjørkekvaе

11. Av det innerste laget av never (silkenevra) kunne ein laga kvaе som ein togg, i staden for go'kvaе. Er dette kjent i Dykka bygd og korleis laga ein denne kvaen?
12. Kjenner De namnet bjørkekve?
13. Kunne ein nytta bjørkekve til å lima brotne steintykkoppar med?